

Marte Heggertveit
Flaktveitgeila 74
5135 Flaktveit

Dato: 24.11.2017
Vår ref.: 2017/4623-55
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Utviklingsstipend innan idrett 2017

Kvart år tildeler Hordaland fylkeskommune utviklingsstipend til unge idrettsutøvarar frå Hordaland. Stipendet vert tildelt for å støtte den einskilde si utøving av idretten og den vidare utviklinga. Det vert delt ut stipend på kr 30.000,- til fem særleg lovande idrettsutøvarar. Tildelinga er gjort i samråd med Olympiatoppen Vest og vedteke i utval for kultur, idrett og regional utvikling 13. november 2017.

Det er med stor glede vi kan melde at du er tildelt Hordaland fylkeskommune sitt utviklingsstipend innan idrett for 2017.

Utdelinga går føre seg i Fylkestinget 13. desember kl. 12.45 på Grand hotell Terminus, Bergen. Vedtaket om tildelinga vart unnateke offentlegheita, og vi ønskjer å halde dette litt hemmeleg heilt til sjølve tildelinga. Det er difor fint om du ikkje deler dette med andre enn dine nærmaste før etter utdelinga.

Alle som mottek stipend er inviterte (med følgje) til frukt og rundstykker i forkant av tildelinga frå kl. 12.00. Det er fint om du møter seinast kl. 12.30. Om du ikkje kan møte eller andre møter i din stad, er den fint om du melder dette til Hanne Espe på epost: hanne.espe@hfk.no eller på telefon 55 23 91 78 innan 11. desember.

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.